

INFORMASJON

Kommune / fylkestingsvalet 2023



Bjerkreim KrF



Tid til det viktigaste

Våre kandidatar



Gudmund og Svend var ikkje til stades då biletet blei tatt



Gunn Anita Vestersjø

2. kandidat
sjukepleiar

Bjerkreim - ein god plass å bli fødd, veksa opp, arbeida og bli gammal. Dette er noko som må kjenneteikna kommunen og det gjer det i stor grad i dag. Me må fortsetja å utvikla dei gode tenestane me har. Det må vera nok hender både til å hjelpa ungane som veks opp og til å ta seg av dei eldre som fortjener ein alderdom prega av respekt og livsglede. Det er viktig at kommunen gjer det dei kan for å sikra best mulig vilkår for bøndene og andre næringsdrivande i kommunen. Me treng arbeidsplassane og me treng den norske maten. Får me til alt dette er me på god veg til at Bjerkreim er ein god plass å bu for alle generasjonar.



Ane Fuglestad Skutlaberg

3. kandidat
paramedisin-student og lærar

Politikk handlar om dagleglivet og korleis me kan gjera det best mogleg å leva for flest mogleg. Bjerkreim skal ha ordningar som passer alle familiar og enkeltmennesker. Skular med nok ressursar for å gje alle ein god start, støtte til det frivillige arbeidet, fritidskort for alle barn, kommunal kontantstøtte og full barnehagedekning i fleksible gode barnehager er saker eg brenn for. I ei tid med stort tidspress og alle verdens inntrykk i lomma er det nødvendig å leggja til rette for å sjå kvarandre, finna ro og kvile, og å høyra til. Å ta vare på den flotte Bjerkreims-naturen og sørge for at det er godt å bu i heile kommunen er òg viktig for meg.



Vegard Mong

4. kandidat
tømrar

Eg ønsker det beste for Bjerkreim kommune. Difor ønsker eg at Børge Vassbø skal bli vår neste ordførar. Eg synes det er viktig å føra ein politikk som tenkjer på den neste generasjonen som skal overta. At me skal gje ifrå oss det me har nå i ein betre stand. Det er viktig å lytte til det lokale næringslivet og landbruket slik at me som kommune kan leggje til rette for god vekst og nye arbeidsplassar i kommunen. Kristne verdiar saman med godt gammalt bondevett, det har eg trua på.

Frivillighet

Det viktigaste vi gör som politikerar är att lägga till rette för det gode arbetet som våra sambygdingar gör.

Frivillige organisasjonar, næringsliv og landbruk spelar store og positive roller i kommunen vår.

Når desse ønsker å satsa, når det melder seg utfordringar eller når nye krefter vil bidra, må kommunen vera ein løysingsorientert samarbeidspartnar.


Me må òg satsa på dei kommunale tenestene som er ute blant folk. Det skal vera nok hender og hovud innan oppvekst, skule, pleie og omsorg til å sikra gode tenester og fagmiljø for god utvikling.

Viss eg blir ordførar så skal du kunna forventa ei tydeleg prioritering av desse områda.

Børge Vassbø
Ordførarkandidat



“ Frivillige organisasjonar, næringsliv og landbruk spelar store og positive roller





Tenester, tomter og turisme

Det er viktig at kommunale tenester er tilgjengelege når innbyggjarane treng dei og at kommunen er på tilbodssida for å sikra gode helse og omsorgstenestar for alle aldersgrupper.

Med fleire attraktive bustadtomter trur eg at fleire vil etablera seg i kommunen vår.

Bjerkreim har ein utruleg rik og flott natur som bør gjerast endå meir tilgjengeleg for folk. Me må forvalta naturressursane vidare på ein god og forsvarleg måte.

Hans Røynestad

5. kandidat
sivilingeniør

Eit landbruk å leva av

Som bonde er eg opptatt av at alle bøndene i Bjerkreim skal ha inntekt på nivå med andre yrkesgrupper, og gode velferdsordningar. Som far er eg opptatt av at me har gode barnehager og skuler, der alle kan trivast og ha gode muligheter for læring. Eg trur det er på høg tid med mindre skjermbruk, og at læringa er basert på kristne verdier.

Som sønn er eg opptatt av gode bu og aktivitetstilbud for dei eldre i bygda okka.

Som Bjerkreimsbu er eg opptatt av at alle skal bli behandla likt, og at alle nye innbyggjara skal tas godt imot og tas godt vare på.



Tollef Gjedrem

6. kandidat
bonde

Oppvekst og alderdom



Eg er opptatt av gode og trygge oppvekstvilkår til barna våre og ein verdig alderdom for våre eldre og pleietrengjande

Monika Vassbø

7. kandidat
tannpleiar

Bjerkreim KrF

Program 2023-2027

GRUNNSYN

Det kristne verdigrunnlaget og menneskesynet skal vera basis for KrF sine politiske standpunkt. Likeverd mellom menneske, omsorg for svake grupper, vern om ekteskap og familie og respekt for Skaparen og skaparverket er viktige drivkrefter bak vårt politiske engasjement.

SUNN DRIFT OG ØKONOMISK BEREKRAFT

KrF vil arbeida for effektiv drift av kommunen og ein berekraftig kommuneøkonomi, samtidig som skule, pleie og omsorg blir prioritert. Når det gjeld investering i fireårsperioden vil nytt helsesenter prioriterast, deretter fornying av skulebygg på Bjerkreim og Vikeså. Me vil sjå på muligheten for å redusera eigedomsskatten på bustader.

FOLKEHELSE FOR ALLE, OG HJELP NÅR DET TRENGST

Innbyggjarane skal kjenna at Bjerkreim er ein god og trygg kommune å bu i. I fellesskap skal me jobba for god folkehelse, høg livskvalitet og god mulighet for eigenomsorg

KrF vil arbeida for:

- førebyggjande arbeid og lågterskeltilbod retta mot barn og unge si psykiske og fysiske helse
- vidareføring av foreldrekurs
- at frisklivssentralen i kommunen har ressursar til å gi eit heilskapleg og tilpassa tilbod når det gjeld fysisk aktivitet, kosthald og røykeslutt – i samarbeid med fysioterapi, treningscenter og frivillege
- at alle arrangement og tiltak som får kommunal stønad skal vera alkoholfrie og at det ikkje vert servert alkohol i kommunale bygg
- ei restriktiv haldning ved søknad om etablering av nye skjenkestader, og god oppfølging av eksisterande løyver

- at det nye helsesenteret vert framtidsretta og har fokus på brukarar, tilsette og omsynet til omstillingsbehov i helsevesenet
- vidare satsing på akuttjelderordninga
- at kommunen er tilrettelagt for aktiv og sjølvstendig alderdom, også når hjelpebehovet aukar. Det kan for eksempel vera aktuelt med base for heimesjukepleie i private leilighetsbygg
- vidareutvikla dagsentertilbodet og leggja til rette for samarbeid med frivillige
- satsing både på velferdsteknologi og god personleg kontakt mellom brukar og personell
- fortsatt god, lokal barnevernsteneste
- vidareutvikla miljøtenesta og etablera tilrettelagte bustader
- at Bjerkreim kommune framleis tek imot og integrerer flyktningar

KYRKJE, KULTUR OG FRIVILLEG ARBEID

Kyrkja og kristenlivet har rike tradisjonar, og kyrkje og bedehus må framleis sikrast gode arbeidsforhold i Bjerkreim. Dugnad og det rike organisasjonslivet i Bjerkreim er avgjerande for det varierte kulturelle tilbodet kommunen har. Kulturarbeidet er viktig for å ta vare på og vidareformidla tradisjon og eigenart. Samtidig er mangfald og fornying viktig for å gjera kommunen attraktiv å bu i.

KrF vil arbeida for:

- gode arbeidsvilkår for frivillige lag og organisasjonar - standard svar frå kommunen skal vera "ja"
- gode vilkår for trusoppføringa
- mangfald i organisasjonsliv – respekt for organisasjonane sin eigenart og retningslinjer

Utvikling av skular og nærmiljø
både på Bjerkreim og Vikeså



Fritidskort for
barn og unge



Investeringstilskott for landbruket

“Eg ønsker at me set familien som institusjon høgt og arbeider for å styrka rammene som gir handlefridom for å gje ungane dei beste vilkår å veksa opp i. Ungane er dei største ressursane me har. Når dei så har vakse opp må me sørgja for at dei har moglegheit til, og samstundes vil, bu, arbeida og leva her i Bjerkreim.”

Anders Thunestvedt
8. kandidat
automatikar



Valfridom for barnefamiliane

- at kyrkja har ressursar til å kunna gje innbyggjarar i alle livets fasar eit meningsfullt tilbod
- at kommunale bygg må kunne lånast gratis for barne- og ungdomsaktivitetar
- laurdagsope bibliotek, og fleire publikumsretta arrangement på biblioteket
- kulturopplevingar i alle delar av kommunen og gode konsertlokale
- utlånssentral for utstyr til idrett, friluftsliv etc
- eit allsidig tilbod i kulturskulen
- godt samarbeid med frivillige organisasjonar for å inkludera nye innbyggjarar
- at Bjerkreimselva fortsatt skal vera ei god og attraktiv lakseelv
- at kommunen gir støtte til oppryddingsdugnad i regi av lag og foreiningar
- aktivt samarbeida med DIM for publikumsvenlege og framtidsetta renovasjons- og gjenvinningsordningar
- god tilgang til hurtigladestasjon for el-bilar
- eit fortsatt fokus på flaumsikring, gjerne i kombinasjon med kraftproduksjon
- miljøvennleg utbygging og oppgradering av mindre vasskraftverk
- at eventuelle nye energiproduksjonsanlegg skal vurderast av kommunen på eit overordna plan-nivå
- at det blir lagt stor vekt på omsyn til naboar og innbyggjarar forøvrig, naturmangfold og landskap i alle saker om omhandlar energiproduksjon
- KrF vil ikkje opna for vindkraftverk aust for E39

FRILUFTSLIV, NATUR OG KLIMA

Bjerkreim sin flotte natur må brukast aktivt og forvaltast ansvarleg. Forureining av luft, vatn og jord, må motarbeidast. Me ynskjer å invitera til friluftsliv og turisme i ein aktiv landbrukskommune der kulturlandskapet er ein viktig del av opplevinga.

KrF vil arbeida for

- støtte til vedlikehald og opparbeiding av turstiar og skiløyper i samarbeid med grunneigarar
- fortsetja satsinga på Bjerkreim som turistdestinasjon
- å halda nede vegetasjonen langs vegar og vassdrag

LEVANDE LANDBRUK

Bjerkreim kommune har stolte landbrukstradisjonar og KrF skal arbeida for å sikra næringa gode kår for framtida, og såleis leggja grunnlag for fortsatt matproduksjon, busetting og verdiskaping i heile kommunen.

Lett å engasjera seg



”Eit godt lokalsamfunn er avhengig av frivillige lag. Kommunen bør sørge for at det er lett å engasjera seg.”

Svein Gunnar Sakseid

10. kandidat
IT-konsulent

Hjarterom og husrom



”I Bjerkreim skal det fortsatt vera både hjarterom og husrom for flyktningar!”

Gerd Aarrestad Vassbø

14. kandidat
pensjonist

KrF vil arbeida for:

- at landbrukskontoret framleis skal vera ein god medspelar for landbruksnæringa
- lokalt tilskott til investering og nydyrking i landbruket
- at bu- og drivepliktsreglane vert praktiserte slik at dei som har næringsinntekta si i landbruket i størst mogleg grad er dei som eig gardane
- oppretthalda eit sterkt jordvern slik at Bjerkreim òg i framtida skal vera ein aktiv landbrukskommune
- at overskotsmasse frå ny E39 blir brukt til nydyrking

UTDANNING, ARBEIDSPASSAR OG GODE PENDINGEMULIGHETER

Innbyggjarar i Bjerkreim skal kunne nytta det rike utdanningstilbodet i regionen. Kommunen skal bidra til framtidssrette arbeidsplassar lokalt, og gode pendlemuligheter.

KrF vil arbeida for:

- dagleg skuleskyss frå heile kommunen til dei vidaregåande skulane, til dømes Øksnevad VGS
- at Bjerkreim skal vera ein attraktiv kommune for lærlingar
- kompetanseheving og etterutdanning
- målretta og forpliktande ordningar med utdanningsstipend

- aktivt samarbeid med andre fagmiljø, til dømes sjukehus og universitet
- at kommunen er ein aktiv samarbeidspartnar for etablering og utvikling av arbeidsplassar
- tilgang på byggeklare næringstomter for nye og eksisterande verksemdar
- betre kollektivtransport med felles billett

BARN, UNGE OG FAMILIE

Barnefamiliane skal ha gode vilkår. Dette er spesielt viktig når trenden i samfunnet er at befolkninga blir stadig eldre. Skal me i framtida kunne gi gode tenester, og samtidig oppretthalda eit aktivt næringsliv, må det vera attraktivt å få barn, veksa opp og etablera seg i Bjerkreim.

KrF vil arbeida for:

- samlivskurs
- kommunal kontantstøtte og full barnehagedekning med fortløpande opptak
- gode tilbod i kommunal og privat barnehage
- god og tilrettelagt undervisning i godt vedlikehaldne skular
- at barnehagar og skular formidlar den kristne kulturarva
- at det blir innført skulemåltid i ungdomsskulen
- i spørsmål som gjeld skulerute for dei yngste elevane, skal foreldra høyrast og vektleggast

- aktivitetstilbod for barn i feriar og på planleggingsdagar
- mobilfri sone i skulen
- trygge skulevegar

TRYGGLEIK OG FELLESSKAP

Kommune og lokalsamfunn skal aktivt jobba for at alle har sunne og trygge fellesskap å høyra til. KrF vil motverka utanforskap og etablering av gjengmiljø og liknande.

KrF vil arbeida for:

- gode, trygge og rusfrie arenaer på fritida
- at tenester for barn og unge, for eksempel helsestasjon og frisklivssentral, kan vera med der ungdom samlast
- at Bjerkreim kommune innfører fritidskort på 2000 kr for aldersgruppa 6 - 17 år
- trygge og opplyste uteområde, om nødvendig med kameraovervaking for å unngå hærverk
- fortsatt aktivt arbeid mot mobbing, både digitalt og i nærmiljø, mellom anna ved å styrka foreldrekompetansen
- synleg politi i tett samarbeid med innbyggjarar og tenester
- nulltoleranse for gjengkriminalitet
- å tilby tilpassa lære-, praksis- og trainee-stillingar i kommunen, med oppfølging og tilrettelegging for å unngå dropout


FRAMTID OG UTVIKLING

Innbyggjarane må oppleve at dei vert godt mottekne av politikarar og tilsette når dei har bruk for kommunale tenester. God service og rask sakshandsaming er ein føresetnad for all kommunal forvaltning.

Særleg er det viktig å leggja til rette for at ungdom ynskjer å etablera seg med bustad i kommunen.

KrF vil arbeida for:

- at Vikeså i løpet av perioden skal utvikla seg til eit attraktivt og vakkert sentrum
- ein sentrumsplan for Bjerkreim sentrum
- at kommunale bygg og anlegg vert tekne godt vare på med jamt vedlikehald
- at dei kommunale vegane vert rusta opp og vedlikehaldne, med ein standard som ivaretar møtande trafikk
- eit aktivt forhold til planlegging og utbygging av E39, mellom anna med omsyn til jordvern, utvikling av næringsliv og tilknytning til kollektivtilbod
- breiband og mobildekning for alle husstandar i kommunen
- tilgjengelege bustadtomter både på Bjerkreim og Vikeså
- at det vert lagt til rette for små bustadfelt ute i krinsane
- at Bjerkreim fortsatt skal vera eigen kommune



Best på
levekår

”Bjerkreim bør ha dei beste levekåra i landet”

Olaf Gjedrem

16. kandidat
pensjonert bonde

Våre listekandidatar



Børge Vassbø
Ordførarkandidat



**Gunn Anita
Vestersjø**
2. kandidat



**Ane Fuglestad
Skutlaberg**
3. kandidat



Vegard Mong
4. kandidat



Hans Røynestad
5. kandidat



Tollef Gjedrem
6. kandidat



Monika Vassbø
7. kandidat



**Anders
Thunestvedt**
8. kandidat



Oddrunn Veen
9. kandidat



**Svein Gunnar
Sakseid**
10. kandidat



**Gjermund
Vassbø**
11. kandidat



**Gudmund
Oremo**
12. kandidat



**Svend Fuglestad
Serigstad**
13. kandidat



**Gerd Aarrestad
Vassbø**
14. kandidat



**Alf Helge
Søyland**
15. kandidat



Olaf Gjedrem
16. kandidat

Godt
val!

Børge Vassbø

Ordførarkandidat

